



Bessheim sett frå rv 51.



Peisstugu.



Dobbeltrom i ny fløy.

Bessheim Fjellstue og Hytter ligg i Jotunheimen, like ved Gjende og Besseggen. Bessheim er eit perfekt utgangspunkt for fjellopplevingar i fred og ro, både sommar og vinter. Gjennom lange tradisjonar har Bessheim vorte bygd opp til det ein ser i dag. Vi kan tilby utleige av rom, hytter, leilegheiter og caravan- og campingplass. Dei fleste romma har dusj og toalett. Det er plass til om lag 150 personar, 65 av desse inne på fjellstua. I matsalen har vi god plass til 150 gjestar. I kjellaren finn du badstuer, tørkerom, møterom og skistall.

Hyttene og leilegheitene har plass til frå to til ti personar. Dei fleste med stove, kjøkenkrok, bad med dusj og toalett og eitt eller fleire soverom.

Besseggen er den mest kjende turen i området, men det er også mange andre fine turar. Av toppturar kan vi nemne Besshø (2258 moh) og Nautgardstinden (2258 moh)

Sesong frå fyrste helga i februar til oktober. Utanom sesong er det mogleg å leie hytter med sjølvhushald.



Rupe. Foto: Olaf Heitkotter.

Bessheim ligg i eit fint område for både haust- og vinterjakt. Vi sel jaktkort i statsallmenninga. Jaktseasonen er frå 15. sept til 28. feb.

Med fleire gode fiskeelver i området, er Bessheim eit godt utgangspunkt for fiskeing av aure sommar som vinter.

Bessheim ligg langs rv 51 Valdresflye. Det er 360 km frå Oslo gjennom Gudbrandsdalen, og 270 km frå Oslo om Fagernes.

Frå Trondheim er det 320 km og frå Bergen er det knapt 360 km via Lærdal og Beitostølen.



Katten vår, Kjellfrid.

Bessheim



velkommen i peisstuva

Vinter på Bessheim

Bessheim ligg i eit område med gode høve for ekte naturopplevingar. Med vekslende terreng og stabile snøforhold er Bessheim eit perfekt utgangspunkt for vinteraktivitetar. Vi kan tilby oppkjørte og merka løyper frå fjellskog til høgfjell. Vi har utleige av skiutstyr, pulk og truger. 30 km til alpinanlegg. Om våren er vi utgangspunkt for eit 10-tals 2000 meters toppar.



Bessheim Fjellstue og Hytter

2680 Vågå

tlf. 61 23 89 13 - fax. 61 23 89 50

e.post: post@bessheim.no

www.bessheim.no

Bessheim Fjellstue og Hytter



Jotunheimen

Velkommen til



Kari og Ragnhild ynskjer